

Protokoll – Representantskapsmøte Fjordane Friluftsråd avhelde den 24.06.2026

Den 24.06.2026 kl.1300 vart det halde Representantskapsmøte i Fjordane Friluftsråd via Teams.

Det vart gjort fylgjande forteikning over dei frammøtte;

Askvoll;	Linda Landøy og Erlend Ona Gjøl
Hyllestad;	Anne-Lise Underdal
Solund;	Endre Johan Bukkøy Natvik og Øystein Espeland
Kinn;	Frank Willy Pedersen Djuvik, Doris Christensen
Bremanger;	Anne Kristin Førde og Svein Olav Senneset
Stad;	Forfall
Stryn;	Silje Åsnes Skarstein og Torstein Tvinnereim

I tillegg møtte styreleiar Arlene O.Vågene samt dagleg leiar Bjarte Engevik.

1. Godkjenning av innkalling, sakliste og utsendingar

Vedtak;

Innkallinga vart godkjent utan merknader.

2. Val av ordstyrar, sekretær og 2.rep. til å signere møteboka.

Vedtak;

Arlene O Vågene vald som ordstyrar og Bjarte Engevik til å føre protokoll.
Endre Johan Bukkøy Natvik og Anne Kristin Førde vald til å signere møteboka.

3. Godkjenne ny deltakarkommune jfr. § 2 i samarbeidsavtalen.

Vedtak;

Ingen nye medlemmer har kome til.

4. Handsame årsmeldinga til styret.

Vedtak;

Årsmeldinga slik den ligg føre vart teke til vitande.

5. Godkjenne rekneskap med revisjonsmelding

Vedtak;

Rekneskap med revisjonsmelding vart teke til vitande.

6. Vedta Handlingsplan og arbeidsplan

Vedtak;

Framlagte Handlingsplan (Arbeidsplan) og Strategiplan vart teke til vitande.

7. Vedta budsjett

Vedtak;

Representantskapet godkjenner vedlagt Budsjett FFR 2026 (2) samandrag/hovedrammer på kr.18.259.280,-

8. Fastsetje neste år tilskot/kontingent for deltakarkommunar.

Vedtak;

Representantskapen ynskjer ikkje å endre kontingent frå deltakarkommunane som blir verande med årleg fast tilskot på kr.25.000,- + kr.20,- for kvar innbyggjar.

9. Godtgjersle for styret.

Vedtak;

Styrevedtak nr.19/23 vert ståande uendra slik; «*Kommunane dekkjer reise og tapt arbeidsforteneste til sine representanter. Fjordane Friluftsråd yter eit fast styrehonorar pr.møte på kr.1500,- og i tillegg ei fast årleg godtgjersle til styreleiar på kr.15.000,-. Dette gjerast gjeldande frå 01.01.2024*»

10. Innkomne saker (valnemd)

Vedtak;

Ingen inkomne saker.

11. Evt. endringer av samarbeidsavtale;

Vedtak;

Ingen behov for å gjere endringar i samarbeidsavtalen.

Møtet vart deretter heva kl.1324

Dato/stad Solund 24.06.2026

.....
Anne Kristin Førde

Endre Johan Bukkøy Natvik